

Julevandring i kyrkja - tilbod til barnehagane.

09.12.2018



Borna samla i alterringen møter Maria, Josef og det vesle barnet.

Kwart år er barnehagane i Uskedalen med på Julevandrig i kyrkja, ei dramatisering av juleavangeliet og Jesu fødsel. Det er tilsette i kyrkja med Jan Ove Fagerheim i rollen som Keisar Augustus. Med seg har han trusopplærar Torild Langeland og kantor Eva Megyesi. Julevandringa er eit tilbod til dei eldste borna i Dønhaug Gardsbarnehage og Uskedal barnehage.

Borna kjem til kyrkja og møter Keisar Augustus. Han vil finna ut kor mange folk som bur i riket hans. Han tek store og små med på ei vandring mot Betlehem. Tre born skal vera dei tre vise menn, nokre skal vera englar saman med engelen Gabriella, mange utgjer folket. Alle må læra seg englesongen Ver ikkje redde og adventssongen Tenn lys.

Inne i kyrkja møter borna nokre sauere og eit bål. Her må nokre gå i rollen som gjetarar og engelen seier fram bodskapen om ei stor glede. Framme i alterringen vert det eit møte med Maria, Josef og det vesle barnet. Juleforteljinga er det sentrale i heile tablået.

Kyrkja er godt eigna for ei julevandring og dramatisering. Borna kjem til kyrkja og bankar på. Alle stig først inn i våpenhuset og vert helsa velkomne. Vidare ber det inn i kyrkja der alle vert fortalte kva ein skal vera med på. Langskipet, koren og alterringen vert brukte som stasjonar på ferda mot Betlehem, ei julevandring som legg til rette for kunnskap, undring og oppleveling.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Keiser Agustus (Jan Ove Faerheim) og engelen Gabriella (Torild Langeland) helsar alle velkomne til kyrkja og tablået om ei julevandring mot Betlehem.